



Arkivnr: 2016/4551-1
Saksbehandlar: Jone Engelsvold

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.05.2016
Fylkestinget		14.06.2016

Regionalt forskingsfond Vestlandet - Årsrapport 2015

Samandrag

Kunnskapsdepartementet har i sine retningsliner for Regionale forskingsfond fastsett at kvart fond skal lage ein årsrapport om verksemda. Rapporten skal både sendast Kunnskapsdepartementet og leggjast fram for fylkestinga i fondsregionen.

Årsrapporten for Regionalt forskingsfond Vestlandet vert lagt fram for dei tre fylkestinga til godkjenning. Som tidlegare år skal rapporten også leggjast til grunn for eventuelle supplerande føringar frå fylkestinga til styret i fondet.

Årsrapporten omhandlar aktivitet i heile fondsregionen siste året. I saksutgreiinga er det trekt fram nokre resultat som særleg gjeld Hordaland.

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner Årsrapport 2015 frå Regionalt forskingsfond Vestlandet

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.04.2016

2015 er sjette år med Regionalt forskingsfond Vestlandet og siste året av bestillinga frå fylkestinga for perioden 2012 – 2015. Nokre nøkkelresultat frå arbeidet:

- Fondet lyste i 2015 ut midlar til forskingsprosjekt innan fire hovudtema i fylkestinga si bestilling.
- Fondet tok i mot 52 søknader om stønad til forprosjekt.
- Fondet tok i mot 71 søknader om stønad til hovudprosjekt.
- Fondet gav tilsegn om stønad til 32 regional kvalifiseringsstønad/forprosjekt med ei tilskotramme på kr. 9 258 000.
- Fondet gav tilsegn om stønad til 15 Regionale Bedriftsprosjekt og 7 Regionale offentlege prosjekt (**omtala som hovudprosjekt**) med ei tilskotramme på kr. 52 688 000,-.
- Fondet har hatt 4 informasjonsmøte og prosjektverkstader i 2015.
- Fondet legg vekt på ein levande nettstad med ein miks av offisiell informasjon, nyttige tips, aktuelt nyheitsstoff og popularisering av forskingsresultat. I 2014 og 2015 vart det publisert til saman 48 ny artiklar på heimesida; om lag ein kvar fjortande dag i snitt.
- Nettsida hadde 3 551 besøkande og 4 863 sidetreff i 2015. Som i førre strategiperiode er det oppslag som handlar om utlysing og tildeling av midlar som får flest treff. RFF Vestlandet har langt fleire brukarar og treff enn dei andre fondsregionane.
- Nyheitsbrevet vert sendt ut 6-8 gonger årleg og har no rundt 620 abonnentar.
- Prosjekta rapporterer i 2015 om 114 formidlingstiltak retta mot relevante målgrupper og 39 oppslag i massemedia. Det er elles rapport noko nedgang i faglege publikasjonar frå prosjekta i 2015.
- Styret har i 2015 fokusert arbeid med omstilling på Vestlandet, og fredag 21. august 2015 drøfta ein delegasjon frå styret dette tema med kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen på eit avtalt møte i Oslo. Dette medverka til at fondet i 2016 fekk ei ekstra løyving på 13 millionar kroner til å arbeide med omstilling i nærings- og arbeidsliv på Vestlandet.

Stor interesse frå aktørar i Hordaland

Aktiviteten inn mot fondet har også i 2015 vore større i Hordaland enn i dei andre to fylka. Av 71 søknader om hovudprosjekt kom 35 av desse frå kommunar eller bedrifter i Hordaland. Talet på søknader om støtte til forprosjekt/kvalifisering var også høgt, med 24 av 52 søknader. Til denne ordningar var det 25 søknader frå aktørar i Rogaland og 3 frå aktørar i Sogn og Fjordane.

Offentlege utviklingsoppgåver er forskningstema med flest søkjarar frå Hordaland

Søknadene frå Hordaland fordeler seg nokså likt mellom dei utlyste tema. Tidligare har gjerne det marine feltet vore mest aktiv som søkjarar. Framleis er dette eit stort felt. Av 14 søknader om hovudprosjekt innan det marine fagområdet, kjem 10 frå ei bedrift i Hordaland. I 2015 er det likevel kommunane i Hordaland som er mest aktive inn mot fondet, med heile 15 søknader om hovudprosjekt og 8 søknader om regional kvalifiseringsstøtte. Fordelinga er slik:

	Bærekraftig mat –		Energi	Offentlege utviklings oppgåver	Reiseliv	Samla 2015
	Grøn	Blå/sjømat				
Søknader hovudprosjekt frå Hordaland	2	10	6	15	2	35
Søknader om forprosjekt frå Hordaland		7	9	8	1	24

Også god utteljing på søknader frå Hordaland

Søknadene frå Hordaland kom også godt ut med omsyn til tilsegn og løyving. Av 24 hovudprosjekt med stønad var 10 frå kommunar eller bedrifter heimehøyrande i Hordaland. Desse 10 prosjektsøknadene fekk til saman tilsegn om inntil kr. 21 993 000 kroner i stønad.

Samla oversyn over tildelte prosjekt er å finna i årsrapporten.